



KORLEIS BLIR MELLOMALDEREN FRAMSTILT I NORSKE LÆREBØKER

Sammendrag

Korleis blir mellomalderen framstilt i tre forskjellige lærebøker, laga i tre forskjellige tidsperioder, og korleis har denne framstillinga endra seg

Lars Bæverfjord
Lars.baever@gmail.com

Innhold

Innleiing	1
Hovuddel	1
Teori.....	1
Metode.....	3
Data	4
Aschehoug o-fag grunnbok	4
Cappelen Globus 6.....	8
Gyldendal Refleks 6	10
Analyse	11
Mengde	11
Innhald.....	11
Konklusjon	16
Litteraturliste.....	17

Innleiing

I denne oppgåva har eg vald å utføre ein lærebokanalyse. Eg har in djup interesse for historie. Denne interessa byrja på grunnskulen, då eg satt å bladde gjennom lærebøkene vi hadde. Ein spesiell periode eg er interessert i er mellomalderen. Eg bestemte meg derfor for å sjå litt nærmare på korleis mellomalderen blir lagt fram. I tillegg tenkte eg at det hadde vore interessant å sjå på om lærebøkene har endra på korleis dei legg fram perioden. Problemstillinga for denne oppgåva blir då satt til: Korleis blir mellomalderen framstilt i norske lærebøker, og korleis har utviklinga i denne framstillinga vore?

Hovuddel

Teori

Når ein pratar om fortida er det fordelaktig å dele opp tida i periodar. Det gjer det enklare for historikarar i skape samanhengar og organisere informasjon (Melve, 2016, s. 9). I dei fleste verk så er mellomalderen satt til å byrje rundt år 500 og slutte rundt år 1500. Mange sett avsetjinga av den siste vestromerske keisaren i 476 som starten av mellomalderen. Slutten blir ofte satt til det osmanske rikets erobring av Konstantinopel i 1453, Christopher Columbus sin oppdaging av Amerika i 1492, eller då Martin Luther starta reformasjonen i 1517 (Melve, 2016, s. 10). I Noreg er oppdelinga litt annleis. Her er det vanleg å dele opp vikingtida i sin

eigen periode, separat frå mellomalderen. Vikingtida vara frå om lag år 700 til 1000, medan mellomalderen var frå om lag år 1000 til innføringa av reformasjonen i 1537 (Melve, 2016, s. 11)

Leidulf Melve skreiv i 2016 ei bok med tittelen «Hva er middelalderen». I Denne boka skildrar han fire ulike måtar å framstille mellomalderen på. Desse fire måtane skildrar korleis nokon legg fram mellomalderen og kva som er målet med denne framlegginga. Melve gjev også ein bakgrunn på desse framstillingane og korleis og når dei først oppstod.

Den første framstillinga er den Melve kallar «Den antikvariske mellomalderen» (Melve, 2016, s. 17). Det er synet på at mellomalderen var ein slags mørk tid for Europa. Dette synet har sitt utspring frå renessansen. Dei såg da på mellomalderen som ein tid der den katolske kyrkja hadde altfor mykje makt over både mennesker og statar. Det var ein periode som var prega av overtru, pest og krig. Dette synet vart spesielt framheva av protestantiske historikarar i kjølvatnet av reformasjonen, for å stille den gamle pavekyrkja i eit dårleg ljøs (Melve, 2016, s. 18). Synet kritiserer også korleis vanleg folk berre hadde evne til å sjå på seg sjølv som ein del av ein større gruppe, om det var rase, religion, eller familie. Det står i kontrast til menneskesynet som vaks fram under renessansen, der mennesket vart sett på som eit individ som ikkje trong å høyre til ein større sosial gruppe.

På 1800-talet kom framstillinga om den romantiske mellomalderen (Melve, 2016, s. 19). Denne framstillinga er fokusert på det som var, frå deira sitt perspektiv, bra med mellomalderen. Mellomalderen blir framstilt som ein eksotisk tid med edle riddarar i skinnande rustning, gode kongar og store og imponerande katedralar. Dei ville tilbake til slik samfunnet var før. Det var fordi dette synet vaks fram på 1800-taket. Det var ein periode med stor endringar. Den industrielle revolusjonen ført til ein framvekst av arbeidarklassen, og med dei eit nytt syn på samfunnet. Mellomalderen kunne for nokon og representere ein periode med politisk stabilitet. Tyskland på 1800-talet var delt opp i mange små statar som alle var uavhengige og som ofte var i konflikt med kvarandre. Då var det mange som såg tilbake til det gamle, tyske storriket frå mellomalderen. Den romantiske framstillinga av mellomalderen har fått eit gjennomslag i skjønlitteratur slik som Ringenes Herre av J.R.R. Tolkien, og Harry Potter av J.K. Rowling (Melve, 2016, s. 21). I desse verka blir mellomalderen framstilt som eksotisk, magisk, og storslagent.

Ein anna forteljing som også dukka opp på 1800-talet er forteljinga om den moderne mellomalderen. Denne forteljinga har eit fokus på å knyte mellomalderen opp mot det

moderne samfunnet, og folk og kultur opp mot dei som levde på då (Melve, 2016, s. 22).

Denne forteljinga vart særleg viktig for dei som hadde fokus på nasjonsbygging. Historikaren Peter Andreas Munch skreiv ei bok som vart kalla *Det norske folks historie*. I den boka vart den norske stordomstida i mellomalderen skrivne mykje om, medan unionen med Danmark fekk relativt lite plass (Melve, 2016, s. 26). Han fekk på den måten fokusert på kva som gjorde denne tida ei bra tid for Noreg, samtidig som han fekk knytt mellomalderstaten Noreg opp mot den moderne staten Noreg.

På 1970-talet dukka det opp ein ny måte å framstille mellomalderen på, og denne måten har fått namnet *Den nye mellomalderen* (Melve, 2016, s. 24). Den vanlege måten å sjå på historie byrja å bli kritisert. Den vestsentriske framstillinga med fokus på statar, krigarar og «store menn», byrja å bli sett på som ikkje god nok. I den framstillinga er det meir fokus på grupper som ikkje alltid får det fokuset dei fortener, slik som kvinner, bønder, arbeidarar og minoritetar. Det er eit fokus på makt og maktsstrukturar, og korleis dette kjem fram i språk, sosiale normer og sosial praksis. Framstillinga prøvar også å illustrere den utviklinga som har skjedd mellom mellomalderen og no, med tanke på samfunnet vårt. Den legg derimot ikkje fram ein måte å vurdere mellomalderen på. Mellomalderen blir gjort meir mangfaldig, men også meir framand. Framstillinga fokuserer ikkje på korleis samfunnet har utvikla seg, eller om denne utviklinga har nådd eit endepunkt i det vi ser i dagens samfunn (Melve, 2016, s. 26).

Metode

Dei tre bøkene eg valde å analysere er, Aschehougs si grunnbok i o-fag for 5-trinn frå 1984, Cappelen sin Samfunnsfagbok Globus 6 frå 2006, og Gyldendal sin samfunnsfagbok Refleks 6 frå 2020. Desse tre bøkene er skrivne i tre forskjellige tider, og var skrivne til tre forskjellige læreplanar. Det eg først gjorde var å lese gjennom alle bøkene etter kvarandre for å få eit førsteinntrykk av bøkene før eg gjekk vidare. Deretter leste eg boka *hva er middelalderen* av Leidulf Melve. Eg leste så bøkene ein gong til. Det gjorde at eg fekk ein ide om kva for ein framstilling dei tre bøkene passa inn i. Eg gjekk så meir detaljert inn i kvar bok. Eg byrja med det som kom først kronologisk, Aschehoug si o-fagsbok. Så tok eg Cappelen sin Globus, også Gyldendal sin Refleks. Eg las nøye gjennom kvar side og skreiv ned mine tankar om kvar side og kvar del. Eg noterte også korleis bøkene brukte bilete og andre illustrasjonar. Eg skreiv ned linjer med tekst som eg beit med merke til og som kunne vise kva for ein framstilling boka passa inn i. Etterpå samanlikna eg alt eg hadde skrivne ned om bøkene og prøvde å plassere dei innanfor ein av dei fire framstillingane. Til slutt samanlikna eg bøkene og såg på om framstillingsmåte har endra seg mellom dei tre bøkene.

Data

Då eg las gjennom dei tre bøkene eg skulle analyse var det noko som eg ikkje fekk til å ikkje leggje merke til. Lengda på delane om mellomalderen er det stor skilnad på. I Aschehous si o-fagsbok er mellomalderen delt inn i to ulike kapitel på til saman 49 sider. I Cappelen si bok Globus er mellomalderen samla til eit kapitel på 28 sider. I Gyldendal si bok, Refleks så har ikkje mellomalderen si eige kapitel, men er ein del av eit kapitel om det norske demokratiet. Mellomalderen er då avgrensa til berre 6 sider.

Aschehoug o-fag grunnbok

I Aschehoug sin i o-fag-bok frå 1984 er som sagt mellomalderen delt opp i to kapitler. Det første heter «Borgerkrig og kongemakt». Dette første kapitlet har spesielt fokus på den norske staten og nokre norske kongar. Kapitlet byrjar med overskrifta «Kongebrødrene». Det gjev så ein kort forteljing om at Harald Hårfagre samla Noreg til eit rike, og at han sin ætt som styrte landet etterpå. Det går så vidare med å seie at den norske kongen Harald Berrføtt døde på felttog i Irland i 1002 og at dei tre sønene hans tok over kongeriket etterpå. Ein av desse brødrene døde kort tid etterpå og blir då ikkje nemnt seinare. Det som kjem etterpå er eit stor fokus på ein av dei andre brørne, kong Sigurd. Sigurd drog i 1000 ut på krosstog. Boka går inn på bakgrunnen til avgjerda til å gå til krosstog og korleis den politiske situasjonen i den heilage land var på den tida. Boka skildrar så den lange ferda som kong Sigurd drog ut på via England og Middelhavet til, og til slutt til Jerusalem. Her blir det fortald om det Sigurd gjorde i det heilage land og gåvene han fekk med den lokale kongen Baldvin. På tur heim drog han innom den romerske keisaren i Konstantinopel før han drog heim til Noreg over land gjennom Europa. Då forteljinga om krosstoget var ferdig, så går boka over til å kort fortelje om at kong Øystein døde kort tid etterpå og at kong Sigurd styrte aleine før han sjølv døde. Til slutt i delkapitlet er det ein samtale mellom kong Sigurd og Kong Øystein kor dei skryt til kvarandre om kva dei har oppnådd.

Neste delkapitel heiter «Ufredstid og borgarkrig» og er på måte ein kort overgang til neste delkapitel. Her skildrar dei korleis etterfølgereglane var i Noreg, og at desse reglane førte til konflikt etter at Kong Sigurd døde. Det er så eit kort avsnitt om ein av dei som gjorde krav på trona, som heiter Magnus Erlingsson. Boka leggje vekt på at kong Magnus hadde støtte frå kyrkja og at dei fastslo strengare reglar for kven som skulle bli ny konge når kongen døde.

Det som kjem no er to delkapitel som tek for seg livet til to ulike norske kongar under borgarkrigstida. Først er kong Sverre Sigurdsson. Livet til kong Sverre blir skildra frå han vart født i Noreg og flytta til Færøyane, oppveksten hans under den lokale biskopen, og korleis

han fekk vite at han var kongsson og drog til Noreg for å leggje krav på trona. Boka går så vidare til å fortelje at han vart akseptert som høvding av birkebeinarane og vart hylla til konge i Nidaros. Konflikta mellom kong Sverre og kong Magnus blir så skildra gjennom to avsnitt. Her blir det lagt vekt på dei personlege dådane som kong Sverre utførte. Boka går så gjennom konflikt som kong Sverre hadde med kyrkja. Kyrkja ville ikkje krone og slave kong Sverre fordi han ikkje var ektefødt son av ein tidlegare konge. Kyrkja fekk kong Sverre lyst i bann og organiserte væpna motstand mot Sverre. Denne gruppa var kalla Baglarar. Sverre døyde i 1202 framleis i konflikt med baglarane.

Boka fokuserer så på Håkon Håkonson. Den skildrar at sonen til kong Sverre døyde etter berre nokre år på trona, og at landet igjen hamna i borgarkrig mellom birkebeinarane og baglarane, og kongane deira. Det blir så fortald om fødselen til Håkon Håkonson og at han og mor hans måtte flykt frå Østfold til Nidaros så han var om lag 18 månader gamal. Denne flykta inneheld den klassiske birkebeinarferden over fjellet frå Østerdalen til Gudbrandsdalen. Nokre år etter døyde baglarkongen og Håkon vart akseptert som konge også av dei. Etter eit opprør frå Håkon sin svigerfar vart Håkon konge aleine og borgarkrigstida var over. Håkon fekk lov av paven å bli korna til konge, og boka skildrar kroninga og den generelle festen rundt. Til slutt i delkapitelet er det ein skildring av reisa til prinsesse Kristin av Noreg som drog til Spania for å gifte seg med bror til kongen der.

Neste delkapitel har tittelen «Norgesveldet». Delkapitelet fortel om sjølve staten Noreg og kva for nokre landområde som vart styrt av den norske kongen. Det går også inn i korleis nokre av desse områda vart ein del av norgesveldet. Det blir så gått veldig kort inn på strukturen til kyrkja i landet, før historia til Håkonshallen i Bergen blir skildra. Heilt til slut i kapitelet er det eit delkapitel som fortel om korleis Noreg etter kvart kom i union med landa rundt oss. Det byrjar med å fortelje om dronning Margrethe og korleis ho kom til makta og avsluttar med ein skildring av Kalmarunionen.

Det andre kapitelet i boka som handlar om mellomalderen har tittelen «folk og samfunn i mellomalderen». Det byrjar med å fortelje om korleis mellomalderen blir inndelt i tidsepokar, og i grove trekk korleis samfunnet var delt i klassar, og kva dei forskjellige klassane vart kalla. Det som kjem etterpå er ein skildring av korleis livet på ein gard på Austlandet var i mellomalderen. Denne delen er framleis oppdelt med underoverskrifter, men alt blir formidla gjennom at ein gut som heiter Sigurd, fortel om korleis livet hans er på garden. Sigurd fortel først om kven som bur på garden, og korleis han er i familie med dei. Han fortel så om korleis garden ikkje er ein ekte gard, men at dei leigar jorda av kongen. Sigurd skildrar så kva for

nokre hus som er på garden, og kva dei blir bruka til. Boka har i tillegg utheva nokre ord og uttrykk som mange barn ikkje nødvendigvis veit kva betyr. Sigurd fortset med å fortelje om kva for nokre jobbar som må bli gjort på garden. Mora har ansvar for det som blir gjort inne, medan faren har ansvar for det som blir gjort ute. I tillegg kjem alle jobbane til dei andre i familien hans som bur på garden. Sigurd avsluttar med å fortelje korleis eit typisk år for ein norsk gardbrukar ser ut, og kva som vart gjort til kva tid, og korleis det vart gjort.

Neste delkapitel gjev meir kontekst på den forteljinga som Sigurd akkurat gav. Det har overskrifta «Jord gav rikdom og makt», og byrjar med å fortelje om kven som eigde jorda i Noreg og kva dei gjorde med jorda. Dei forklarar og kav landsskuld er og kven og korleis det vart betalt. Det går så inn på kven som var såkalla leiglendingar, det vil seie ein person som leide jorda frå nokon andre, og kav som kunne skje med dei om dei ikkje kunne eller ville betale leiga si, også kalla landskyld.

Neste kjem historia om byane i landet. Først blir det forklart kva ein kaupang og ein kjøpstad er, og kva skilnaden mellom dei er, før boka legg fram ein kort historie om byen Bergen. Byen var ein handlesplass, som etter kvart vart ein viktig kjøpstad, og som vaks og vaks, og vart til slutt rekna som hovudstaden i riket. Bryggen i Bergen blir og snakka litt om, mellom anna at det var veldig ofte brann på bryggen. Den samanliknar så ein typisk norsk by med korleis byane ofte var andre stader i Europa. Byen blir skildra som ein borg, og funksjonen til ein slik borg blir vektlagt.

Under overskrifta «Dagligliv i byen» er det enda ein forteljing som blir fortald av eit barn. Denne gongen er det Ragnhild, som bur i Bjørgvin, dåtidas namn på Bergen. Ragnhild fortel om at faren hennar er ein såkalla sutar, ein person som lager sko og hoser til folk. Ho fortel også om korleis faren lager desse plagga og kven som vanlegvis kjem og kjøper dei. Ho går så vidare til å fortelje om garden ho bur på og kva for nokre bygningar som er på garden. Mora til Ragnhild er sjefen i huset, seier ho. Det er fordi faren er oppteke heile tida med arbeid i verkstaden. Mora hat i tillegg hjelp frå ein jente og ein gamal dame. Ragnhild er ofte med mora når ho dreg på handling. Her skildrar ho korleis det er på torvet i byen. Maten dei et blir laga i eldhuset, som er einaste plassen det er lov å lage bål på. Dei forskjellige måltidene, og kva som er vanleg å ete blir så skildra. Boka går så gjennom manne forskjellige yrker som var vanleg på den tida, og gjev ein kort skildringa av kav dei gjorde.

Boka går så over til ein anna del av samfunnet. I delkapitelet «Kongen og hirden hans», blir nettopp kongemakta lagt fram. Først ut er systemet med adel i landet. Boka fortel om kav for

ein rolle dei forskjellige medlemmene i hirden hadde, og kva for ein rang dei hadde. Rolla til hirden utvikla seg etter kvart som tida gjekk, og det blir forklart i boka. Hirden gjekk frå å hovudsakleg vere ein gruppe med krigarar, til å utvikle seg til å bli kongen sine rådgivarar og medarbeidarar. Nokre av desse medarbeidarane blir fortalt om. Boka skriv så om ein tekst som vart skriven på mellomalderen. I boka er det ein far som gjev råd til sin son om korleis han skal oppføre seg når han er i hirden. Dette stykket blir attgjeve i læreboka. Borgene til kongane blir så skildra, før ein kort historie om mellomalderspelet, sjakk.

Delkapitlet «Klosterliv», byrjar med ein forteljing om ein som heiter Jon. Jon skal til eit kloster å bo, fordi foreldra lova til nokre helgenar at Jon skulle bu i kloster om han vart frisk frå ein sjukdom. Gjennom auga til Jon blir det fortalt om kloster og kva for ein funksjon dei hadde. Jon møter sjefen på klosteret, abbeden, som viser han rundt på klosteret. Her forklarar dei mykje av kvifor eit kloster er for noko, og kva funksjon alt har. Jon blir så gjort til novise, og det blir forklart kvifor det er, og kva Jon må gjere som novise. Forteljinga om Jon er ferdig, men boka går over til å fortelje meir detaljert om munkar, nonner, og kloster. Det blir skildra eit hardt liv som i hovudskap går ut på hardt arbeid og mykje bønn. Skildringa v eit kloster på Selje rundar av delkapitlet.

Boka går over til å fortelje om kyrkjer i Noreg. Dei fleste vart bygd av tre, men etter kvart byrja folk å byggje dei av stein. Boka går inn skilnaden mellom romansk og gotisk byggjestil i kyrkjer, og kva som kjenneteikna dei to stilane. Desse kyrkjene vart ofte finansiert gjennom at bøndene betalte tiande til den lokale kyrkja. Boka fortel kva tiande er, og pratar till meir om at kyrkja også kravde inn landskyld for jorda den eigde.

Sentralt i kristendommen på den tida var helgenar. Under «Hellige menn og kvinner» blir det først fortalt om kva ein helgen er. Kva som skal til for at nokon skal vere ein helgen, og at helgenar stod nærmare Gud enn andre døde personar blir også fortalt. To norske helgenar blir snakka om neste. Først ut er st. Hallvard. Ein gut som døyde medan han forsvarte ei kone. Hallvard sitt lik vart kasta ut i ein fjord bunde faste til ein stein, men liket hans flaut opp til overflata likevel. Den andre er st. Sunniva. Sunniva var originalt frå Irland, men hamna i Noreg då ho rømte frå nokre vikingar. Då den lokale jarlen ville undersøkje kven flyktningane var, rømte dei inn i ein grotte som raste saman og drap alle som var inni der. Kroppen til Sunniva vart funne nokre hundre år etterpå, like hel som dagen ho døyde. Ho vart då gjort til helgen.

Det nest siste delkapitelet handlar om sjukdommar og legeråd. Det blir skriva at hygienen i mellomalderen var dårleg og at folk derfor var sjuke ofte. Det blir og snakka om sjukdommar som ikkje er vanleg i Noreg lenger, slik som koppar og spedalskheit, også kalla lepra. Planter vart ofte bruka for å behandle sjukdommar på den tida, så det og andre metodar blir lagt fram, mellom anna årelating. Som avslutning, og som fortsetjing frå det tidlegare delkapitelet, blir det fortalt om svartedauden. Mellom anna kva svartedauden er, kva som skjedde, og kva som skjedde etterpå. Avslutningsvis legg boka fram eit segn om nokre gardar i Vardal som vart forlèt som følgje av svartedauden.

I begge er det mange illustrasjonar av det som det blir fortalt om. I det første kapitelet er dei fleste illustrasjonane laga spesielt til denne boka. Dei illustrerer ofte ting som det ikkje nødsvenstvis vart laga så mykje bilete av. Tid dømes Øystein, Sigurd og Olav på tronene sine, fleire langskip på vatnet eller kroninga av Magnus Erlingsson. Når det blir prata om landa så er det alltid med kart som viser fram det som teksten fortel om. I det andre kapitelet har dei med bilete frå museum som viser fram dei bygningane og verktøya som det blir prata om. Det blir også lagt med visualiseringar av til dømes, fordelinga av kven som eig kor mykje land. På nokre av illustrasjonane er det med bilettekst som gjev fleire detaljar om det noko som blir prata om i hovudteksta.

Cappelen Globus 6

Cappelen si bok Globus 6 er ei samfunnsfagbok som kom ut i 2007. Denne boka er delt opp i tre delar, først samfunnskunnskap, så historie, og geografi til slutt. Historie-kapitelet er igjen delt opp i tre delar, mellomalder i Europa, vikingtid og mellomalder i Noreg.

Kapitelet «Middelalder i Norge» byrjar med historia om heilag-Olav. Nærare bestemt så byrjar boka med slaget på Stiklestad i 1030. Boka fortel om at mange hadde høyrte rykte om at kong Olav var heilag og mange byrja å be til han. Då dei gravde liket hans var det like fint som då han døde, samtidig som håret hadde grodd seg lenger. Han vart då flytta til ei kyrkje i Nidaros. Det blir så fortalt av danskane tok over landet etter slaget ved Stiklestad, men at dei var upopulære. Olav var populær så dei fekk sonen hans til å bli konge. Boka seier også at det lønte seg for kongen og kyrkja at Heilag-Olav var helgen, fordi det gjorde det lettare å styre. Boka dedikerar så to disar til fortellinga om korleis ein bonde som heite Torgil fekk liket til heilag-Olav frå Stiklestad og fekk gravlagt han i Nidaros.

Neste i boka er det skildra litt om kristningsprosessen i Noreg. Mange slutta ikkje å be til dei gamle gudane, Odin, Tor, Frøya og andre. Prestane brukte då mirakla til heilag-Olav til å over

bevise folk om å bli skikkelege kristne. Det blir skriva litt om kyrkjer om at det kom folk frå heile Europa til Nidarosdomen for å sjå på kista til heilag-Olav. Det blir sagt litt om korleis kongen kyrkja om bøndene klarte å samarbeide i om lag hundre år etter slaget ved Stiklestad. Så kjem det ei side som sett deg inn i hovudet til ein pilegrim som kjem til Nidar til Olavfest.

Dei neste sidane handlar om kong Sverre. Først er det ei side med fakta om kongesegna. Det vart skriva av Snorre Sturlason på Island på 1200-talet. Det går så vidare til ein kort historie om Kvifor Sverre kom til Noreg for å krevje trona. Mor hans, Gunnhild, sa til han at han var kongsson og hadde derfor krav på trona, den kongen som styrte i Noreg då, Magnus, var ikkje kongsson, men hadde støtte frå kyrkja og biskopane. Sverre ville prøve likevel. Sverre møtte ein gruppe som vart kalla birkebeinarane som han slo seg saman med. Sverre blir skildra som ein klok konge som var god til å krige. Boka fortel om slaget ved Fimreite i Sogn der Sverre drap Magnus, og vart derfor konge. Konflikten med kyrkja blir lagt fram og konflikten med støttespelarane til kyrkja, Baglarane, blir introdusert. Sverre vart bannlyst av erkebiskopen i Nidaros, og døyde til slutt etter ei kringsetjing.

På neste side står det litt fakta om kongen Håkon Håkonsson, og så to birkebeinarar tok han med over fjellet for å redde han. Under overskrifta «Gammelnorsk storhetstid 1217-1350» Byrjar boka å fortelje om Håkon Håkonson. Han vart konge i 1217 og gjorde då slutt på borgarkrigstida, som hadde rasert Noreg i lang tid. Boka fortel om kroninga, og festen han hadde etterpå. Det blir så fortalt om at mange fine bygg vart bygd i Noreg på 1200-talet, mellom anna Håkonshallen i Bergen, Nidarosdomen i Trondheim, og Akershus festning i Oslo. Boka seier at denne tida blir rekna som stordomstid, fordi kongen og kyrkja hadde råd til å byggje slik store, fine bygg. Lovane i landet var forskjellige i dei ulike landsdelane, men på 1200-talet bestemte kongen at heile landet skulle ha dei same lovane.

På dei neste sidene fortel boka om korleis dei vanlege folka hadde det. Ho fortel om at ikkje mange av bøndene eigde jorda dei dyrka, og at det var kyrkja som eigde det meste av jorda. Det blir så fortalt om systemet med leiglendingar og kva bønder måtte gjere for dei dei leigde jorda av. Utviklinga av dei vanlegaste husa på ein gard blir nemnt, og at bondefamiliane prøvde å klare seg utan å kjøpe noko som helst. Vi får så ein forteljing om ein gut ved namn Ulf og foreldra hans Finn og Gerd. Ulf, Finn og Gerd skal til eit lokalt kloster for å betale leige til dei. Klosteret eig halve garden som sei bur på. Ulf stiller spørsmål ved kvifor dei må gi frå seg så mykje, når dei ikkje har så mykje frå før. Noko som faren hans må forklare han. Det går over til eit avsnitt om korleis barna på ein mellomalder gard levde, og kva dei gjorde

frå dag til dag. Korleis livet var i byane blir så skildra. Boka fortel om kor mange som budde i ein by og skildrar handlinga som typisk vart gjort i ein slik by.

Dei to siste sidene i kapitelet fortel om kva samane gjorde på denne tida. Her får vi vite at dei levde for det meste i det nordre Skandinavia. Samane levde av jakt, fangst og fiske og var nomadiske. Dei handla også med norske høvdingar som budde lenger sør i landet. Samane var delt opp i Sidaar. Ein sida var ein område som berre medlemmene av ein sida fekk lov til å jakt eller fiske på. Kvar sida hadde ein leiar som medlemmene sjølv valte. Den samiske religionen blir lagt fram, og skildrast som ein naturreligion der sola hadde ein viktig plass. Kvar sida hadde i tillegg ein noaide, som hadde ansvaret med å komme i kontakt med dei daude.

Denne boka har forskjellige illustrasjonar på kvar side. Illustrasjonane er både teikningar og bilete. Det er også mange forskjellige fargar på alt gjennom heile boka. I tillegg er det små tekstboksar på sidene av hovudteksta, som gjev ein kort oppsummering av kva som står i teksten. På slutten av kapitelet er det to sider med oppgåver og andre aktivitetar som ein kan gjer i samband med det ein akkurat har lest.

Gyldendal Refleks 6

Refleks er læreboka som Gyldendal har skrive for grunnskulen. I denne boka er det ikkje eige kapitel for historie. Historia til Noreg er ein del av ein større kapitel om det norske demokratiet. Her blir historia lagt fram i den konteksten at vi skal lære om demokrati i Noreg.

Det 5. kapitelet i boka heiter «Slik ble Norge et demokrati» dei to første sidene fortel litt om kva demokrati er og kva for ein type i har i Noreg. Boka går så over i å fortelje om utviklinga til loven i Noreg. Det byrjar med tre linjer om vikingtida, før det blir skrive om tinga som var rundt om i landet. Det står at dei som ikkje drog ut på vikingtokt vart heime, og når dei måtte diskutere viktige hendingar så møtast dei på tinget. Alle tinga hadde eigne lovar, men i 1274 samla ein konge alle lovane til eit system som var gjeldande over heile landet. Denne kongen fekk namnet, Magnus Lagabøte.

På dei to neste sidene står det kort om tre ulike norske kongar. Det står at Harald Hårfagre budde i ei tid der landet vart styrt av mange ulike småkongar. Han var småkonge på vestlandet, men han fekk samla Noreg til eit rike. Litt etter at Harald Hårfagre døyde så kom Olav Tryggvason til makta. Han starta kristninga av landet, men den var Olav Haraldson som fullførte prosessen. Olav Haraldson er betre kjent som heilag-Olav, og fall i slaget ved

Stiklestad i 1030. Det vart sagt at håret og neglene hans voks etter at han hadde døyd. Han vart derfor gjort til helgen.

Neste står det om landet Noreg. Boka seier at Noreg var mykje større på 1200-talet enn det er i dag og at det vart kalla Noregsveldet. Svartedauden blir introdusert neste. Det var ein epidemi som spreidde seg gjennom lopper som satt på rotter. Svartedauden blir sagt til å ha drepe over halvparten av alle som budde i landet og bidrog til svekkinga av det norske riket. Noreg kom etter dette i union med våre naboland, ein union som skulle fortsette i over 500 år. Resten av kapitelet tar for seg historie etter mellomalderen og demokratiet vi har i dagens samfunn.

Denne boka har nokre bilete og illustrasjonar. Sidene er litt tomme, med ikkje så mykje tekst og berre 1 eller 2 bilete på kvar side. På toppen av sidene er det ein tidslinje som viser kor på linja dei tinga som blir skrive om, skjer.

Analyse

Mengde

Når ein ser på mengda med innhald i alle dei tre bøkene så er det ein relativt drastisk skilnad. Aschehoug og Cappelen har om lag like lange kapitel, men i Aschehoug er det eit kapitel meir enn det er i Cappelen. Aschehoug har derfor 49 sider med innhald om mellomalderen, medan Cappelen har 26 side, om lag halvparten. Aschehoug har også meir tekst på ein side enn Cappelen har. Dei brukar omtrent same skriftstørrelse, men i Cappelen let dei det vere mykje ledig plass på begge sidene av teksta. Dei brukar denne plassen til å setje inn boksar som oppsummerer teksta som står på sida, eller så har dei inn små bilete som gjev lesaren litt kontekst. I Aschehoug har dei utheva mange ord som mange elevar ikkje nødvendigvis kan, men dei forklarar ikkje kvifor dei orda er, eller tydar. Cappelen har ikkje så mange slike ord, men dei forklarar dei orda som kan vere vanskelege i teksta. I Gyldendal er det om lag halvparten så mykje tekst per side. Dei brukar derimot plassen til å gjev lesaren så mykje kontekst som mogleg, gjennom tidslinser, ordforklaringar, kart, og andre bilete. Det er derimot berre 8 sider med innhald om mellomalderen i Noreg på Gyldendal si bok, det er mykje mindre enn dei to andre.

Innhald

Første kapitelet om den norske mellomalderen i Aschehoug si O-fagsbok har tittelen «Borgerkrig og kongemakt». Det reflekterer fokuset på staten Noreg og dei som styrte landet, som er tilstande i kapitelet. Det byrjar derimot med å fortelje om krosstoget til Sigurd

Jorsalfare. Situasjonen i Noreg på tida hans blir lagt fram kort, men fokuset er absolutt på sjølve krosstoget. Også etter at Sigurd kjem heimatt er det ikkje mykje som står. Teksta gjev oss ein steg for steg skildring av kvar han drog og kva har gjorde. Teksta legg vekt på kor viktig nordmennene var og kor godt dei vart motteke. Etterpå kjem det også ein dialog der Sigurd og Øystein skryt av alt dei har gjort og fått til. Lesaren opplever ein veldig positiv vinkling av alt som blir skrive om.

Boka går så over til borgarkrigen, men igjen kjem fokuset rakst over på ein mann. Teksta legge berre opp til at vi skal komme til kong Sverre og alt han fekk gjort. Igjen er det fortalt i godt detalj om alt Sverre gjorde. Frå han drog frå Færøyane til han døyr. Teksta framstiller Sverre som ein god høvding, som mot alle odds klarar å vinne mot overmakta og vinn sin rettmessige plass som konge av Noreg. Teksten seier også at det ikkje er sikkert at Sverre faktisk hadde krav på trona. Han blir framstilt som helten i historia, sjølv om at det var han som praktisk talt starta borgarkrigstida i Noreg og måtte drepe mange for å oppnå sitt mål.

Neste personfokus er om kong Håkon Håkonson. Håkon Håkonson var den guten som vart frakta over fjellet av dei to birkebeinarane, som gav grunnlaget til birkebeinarløpet på ski og sykkel, som blir arrangert i dag. Boka gjev oss ein bakgrunn for kven Håkon Håkonson var og kvifor han skulle vere konge, også brukar relativt mykje plass på å fortelje om nettopp denne turen over fjellet. Den brukar også mykje plass på å fortelje om kroninga til Håkon Håkonson. Boka skildrar ein storslått seremoni som hadde velsigninga til kyrkja i landet. I neste del blir det påpeka at Noreg var så stort at ein konge frå Spania ville gifte ein av brørne sine med den Norsk prinsessa Kristin. Boka prøvar her å vise fram at Noreg var eit stor og mektig rike på linje med andre kongriker i Europa.

I neste del skildrar boka det såkalla Noregsveldet. Ho skriv at kongar i dei britiske øyane anerkjente den norske kongen som sin «Overkonge», og brukar slikt omgrep som «...det vidstrakte riket». Boka seier at Noreg var stor og hadde mykje makt. Ho prøvar så å etablere ein kontinuitet til dagens samfunn ved å skrive om Håkonshallen som står i Bergen. Den vart bygd av Håkon Håkonson på 1200-talet og ein bygning ein kan dra besøke den dag i dag. Det vil representere eit syn som stemmer overeins med den moderne framstillinga av mellomalderen. Kapitelet blir avslutta med historia om dronning Margrethe og danninga av Kalmarunionen. Boka er prøvar å framheve det norske ved Margrethe og legg vekt på at unionen var ein likeverdig union.

Neste kapitel handlar meir om vanlege folk og korleis samfunnet var, men det er framleis romantiske trekk i teksta. I den delen kor Sigurd fortel om korleis det var å bu på garden så blir det skildra eit liv som ikkje nødvendigvis var så vanskeleg eller hard. Han fortel om kva dei gjer og kvifor, men det er veldig overflatisk og Sigurd er alltid positiv til alt. Han seier at «Vi alltid har nok å gjøre» på side 180. Det får det til å sjå ut som han er glad for alt det harde arbeidet og at han ikkje ville hatt det på nokon annan måte. Om det heller stod «Vi må jobbe nesten hele tiden», som er meir likt sanninga, så får det heller frem verkelegheita med livet på den tida. Forteljinga seier mykje om kva som vart gjort av ein bonde, men ikkje nødvendigvis korleis det var å vere bonde.

Etter Sigurd si forteljing går boka over til å vise fram korleis desse bøndene bidrog til rikdommen til det norske riket. Det blir prøva å seie at alle bidrog til stordomstida til landet. Boka visar fram at berre ein tredjedel av norske bønder eige si eiga jord, og at kyrkja eigde meir enn alle sjølveigande bønder til saman. Og at mange av desse bøndene ikkje fekk til å lage nok mate til seg sjølv fordi dei måtte betale leige. Akkurat denne delen har også eit veldig stort fokus på tal og prosentlar. Den kan lønne seg når ein tenkjer på tverrfaglegheit men kan også vere ein barriere for læring

Fokuset går så over på byane. Det er eit spesielt fokus på Bergen og at Bergen var ein viktig by. Boka prøvar å samanlikne byen med resten av Europa, og får oss til å tenke på ein borg. Boka prøvar å få fram at Bergen var sein veldig viktig plass på denne tida. Bylivet blir fortalt gjennom synspunktet til Jenta Ragnhild. Det er litt av det same som med Sigurd tidlegare. Det er mykje info om kva som blir gjort og kva som skjer, men ikkje så mykje om korleis dei var å bu i Bergen. Alt blir teke veldig lett på, og blir sagt med ein nesten oppmuntrande måte. Når det blir parat om handverkarane så ramsar boka bere opp mange forskjellige yrker og handverk, utan at ho går i djupa på nokon av dei.

Som kontrast går boka godt inn på hirden til kongen. Ho fortel om hierarkiet i hirden, kven som kunne vere kva, kav for noko ansvar kvar person hadde. Ho fortel om dei edle hirdmennene som flittig gjorde sitt arbeid på vegne av kongen. Vi får inntrykk av eit klassisk mellomalderhoff. Gjennom ein forteljing om korleis ein skal oppføre seg rundt kongen, så kjem kongen fram som ein person ein skal respektere og oppføre seg rundt.

Kyrkja om andre geistlege hadde stor status i mellomalderen, og det fortel boka mykje om. Klosterlivet får eit eige delkapitel. Her kjem det fram at klostera hadde mykje meir ressursar enn resten av folket, fordi det blir fortalt gjennom ein som heiter Jon, og Jon er imponert over

mellom anna biblioteket som dei har på klosteret. På side 195 er det ei underoverskrift som seier «Flittige munkar og nonner» som legg ekstra vekt på kva munkar og nonner gjorde. Her blir det som dei gjorde for resten av samfunnet framheva. Kristendommen har fått eit fokus i boka, med ført litt om munkar og nonner, så nokre sider om kyrkjebygg, og korleis dei vart bygd, og ikkje minst forteljingane om dei to norske helgenane, st. Hallvard og st. Sunniva.

Heilt til slutt i kapitelet kjem det informasjon om helda til folk på den tida. Denne delen visar fram ei mykje meir dyster tid, men mange vanlege sjukdommar og dårleg helse for dei fleste. Denne delen står i strek kontrast til resten av dei to kapitla som eg analyserer. Resten gjev eit inntrykk av ei god tid med mange gode og store kongar, Noreg som mektig land, og eit liv som ikkje var så aller verst, både i byane og på landet. Eg får inntrykk av at denne delen måtte inn for å forklare korleis svartedauden kunne spreie seg som den gjorde, og ta livet av så mange som den gjorde.

Aschehoug si o-fagbok framstiller eit veldig romantisk bilete på mellomalderen. Det er stort fokus på nokre få kongar, som gjorde store ting for landet. Det er lagt vekt på forholdet deira til kyrkja, og kva dei gjorde for å få Noreg til å bli eit stort og mektig land. Det er også ein veldig mykje som står om mellomalderen, så det der ut for meg at mellomalderen fekk stort fokus i historieundervisninga. Der boka fortel om vanlege folk er det for det meste berre overflatisk og går ikkje inn på korleis det faktisk var å leve i mellomalderen. Det er heller ikkje noko informasjon om samane, eller kva dei gjorde på denne tida.

Globus 6 av Cappelen byrjar å fortelje om korleis Olav Haraldson vart til Heilag-Olav. Denne boka har litt av den same generelle strukturen, men sidan det er mindre tekst, på mindre plass, så har det vorte samla til eit kapittel. I denne boka derimot handlar det meir om kva Olav som helgen betydde for Noreg enn om sjølve mannen Olav Haraldsson. Sigurd Jorsalfare er heller ikkje med i denne boka. Boka fortel om kav som skjedde rett etter at Olav døyde. Ho fortel også at kongen som kom etter han brukte helgenstatusen hans for å gjere seg sjølv sterkare. Dette temaet fortsett litt utover. Boka fortel at st. Olav sin staut vart utnytt for å kristne Noreg og å overtale folk til å slutte å be til dei norrøne gudane. Bøndene får ein meir sentral rolle i forteljinga ved at dei også blir nemnt til å ha bygd kyrkjer, og at staten fungerte fordi dei samarbeida med kongen og kyrkja.

Boka blir så litt meir personfokusert, med nokre sider om kong Sverre. Forteljinga blir likevel litt meir nøytral enn i Aschehoug si bok. Det byrjar med litt info om at Sverre ikkje kunne vere kongsson, og kvifor vi veit så mykje om han. Dette gjer heile delen om Sverre litt meir

upartisk fordi, vi veit at ikkje alt nødvendigvis er sant. Den driv heller ikkje å alltid seier at Sverre var ein god og flink mann, men er meir nøytral når det gjed framstillinga av han. Delen om den norske stordomstida er også mykje kortare enn i Aschehoug. Det er ein faktadel om Håkon Håkonsson og reisa over fjellet, men det er meir om turen, enn om Håkon Håkonsson. Delen om Håkon Håkonsson blir også berre bruka som eit verktøy for å fortelje om kroninga hans og festen han hadde etterpå. Og så klart bygginga av Håkonshall i Bergen. Andre bygg som vart bygd på den tida som Nidarosdomen og Akerhus festning blir også fortalt om for å ves at kongen og staten hadde mykje pengar og makt.

I denne Cappelen si bok er det også ein del om korleis vanleg folk levde. Denne boka brukar ikkje så mykje tid på å fortelje om dei spesifikke oppgåvene som alle gjorde. Den fortel om leiglendingane og korleis veldig fø av bøndene eigde sin eigen jord. Boka skriv på side 129 «I middelalderen eide bondefamiliene bare 1/3 av den jorda d dyrket». Ordet *bare* er viktig i denne samanhengen, fordi boka prøver å formidle at det ikkje er bra at dei eig 1/3. Dette gjev oss eit heilt anna syn på alt vi les etterpå. Ho legg fram ein forteljing om ein familie som må gi frå seg mykje av maten sin i leige til eit lokalt kloster. Guten i denne forteljinga spør faren kvifor dei må betale så mykje sølv om dei så vidt har til seg sjølv. Den seinare teksta påpekar også at dei fleste barna ikkje kunne lese eller skrive, og at det var mange personar som døyde. Det gjev lesaren eit meir realistisk syn på korleis livet var. Når det gjeld bylivet, gjev ikkje boka så mykje informasjon, men fortel litt kort om forskjellige bygg, og har med bilete av bygga.

Samane har fått ein plass i denne boka. Ho gjev ei god oversikt over kva dei fleste samane gjorde i mellomalderen. Dei blir framstilt som annleis, men ikkje som rare. Det blir påpekt at dei var veldig flinke til å leve saman med naturen. Og at dei var rettferdige mot dyra om kvarandre.

I Cappelen sin Globus 6 er det romantiske framleis i teksta, men det er tona kraftig ned. Når boka fokuserer på ein spesifikk person så er det ofte som eit verktøy for å gi kontekst til noko anna. Globus 6 ligg mykje meir innpå den moderne framstillinga av mellomalderen. Den fokuserer mykje meir på kvifor den norske staten og samfunnet vart slik som det vart. Den gjev samtidig eit meir realistisk syn på perioden ved at den ikkje gøymer bort tema som død og ujamnskap. Samane har også fått ein plass i boka som er ein god utvikling.

Den siste boka i analysen min, Gyldendal sin Refleks 6, har mykje mindre innhald om mellomalderen. På berre 6 sider som er satt av til mellomalderen, er det ikkje så mykje å

analysere. Delen er i eit kapitel om demokrati, så delen blir ein historie om staten Noreg og styresettet. Boka byrjar med å fortelle om tingsystemet som starta i vikingtida. Så at Magnus Lagabøte samla lovane i Noreg til eit lovverk. Boka går så over til fortelje om samlinga og kristninga av landet. Personane som gjorde dette får ikkje eit stort fokus, og er berre dei som utførte prosessen som teksten faktisk handlar om. Kor stort landet var, svartedauden og Kalmarunionen blir også berre nemnt kort. Eg får inntrykk av at dei er med berre for å gje kontekst til situasjonen som Noreg fann seg i 1814. Samane derimot har fått eit heilt kapitel i boka. I det kapitelet står det om historia til samane og forholdet ei hadde til det norske kongeriket.

At det ikkje er så mykje om mellomalderen gjer det litt vanskeleg å plassere boka innanfor dei fire forteljningane til Melve. Boka har på ein måte distansert seg frå mellomalderen, og fortel berre om den for å gje kontekst til ein anna, meir viktig tema. Samane derimot har vorte mykje meir representert enn dei var før. Det er no større fokus på samar enn det er på historie generelt. Og endringa frå dei tidlegare bøkene er drastiske. Dette gjer at eg må plassere Globus 6 innfor den nye framstillinga an mellomalderen. Innhaldsmengda er også veldig annleis får dei andre bøkene. Den generelle trenden er at jo nærmare vi kjem notida, jo mindre del av historieundervisninga er dedikert til mellomalderen. Frå 49 sider med mykje tekst i 1984, til 6 sider med lite tekst i 2020.

Konklusjon

I Aschehoug er historia om mellomalderen fokusert på store menn og kva som gjorde Noreg til eit bra land. Det var ein veldig romantisk framstilling av mellomalderen, som ikkje gjekk så mykje inn på det som ikkje var bra med perioden. Cappelen hadde ein meir moderne framstilling, ved at det ikkje var så mykje personfokus, og dei tok opp sidene ved mellomalderen som ikkje nødvendigvis var så bra. I Gyldendal er mellomalderen nesten ikkje representert, og er der berre for å gi kontekst til eit anna tema. Samane har fått mykje fokus derimot. Det gjer at den boka passar best inn i Den nye framstillinga. Det framstillinga av mellomalderen har endra seg frå å ein stor periode for Noreg og nordmenn, til å nesten ikkje bli representert i det heile. Som ein person som er veldig intereseett i historie generelt, og mellomalderen spesielt, er det eit trist syn for meg å sjå at historieundervisninga har vorte veldig frå værande ny dei nye norske lærebøkene

Litteraturliste

Hansen, K. I. (1984). *O-fag 5B Grunnbok* (2. utg). Aschehoug

Hosteland, S., Lie, T. G., Maliks, J. & Skjæveland, Y. (2021). *Refleks 6: Elevbok*. Gyldendal

Libæk, I., Mathiesen, T., Mikkelsen, R., & Stenersen, Ø. (2007). *Globus 6: Samfunnsfag*. Cappelen

Melve, L. (2016). *Hva er middelalderen*. Universitetsforlaget.